

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Veøy

Emne: Bordskikk til Kvardag

Bygdelag: Veøy

Oppskr. av: Eiliv Sandnes

Gard: Skulehagen

(adresse): Rødven

G.nr. 58 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

BORDSKIkk TIL KVARDAGS.

Både i eldre tider og no lagar ein mat og et i same romet - på kjøkenet.

1. Ein sat ved bordet til alle måltid.

2. Heile huslyden sat ved same bord. Dette er vanleg skikk enno.

3. Alle et på kjø^kkenet på same tid.

4. Det er ingen skilnad på maten for husbondsfolk og tenarar.

5. Om eit hus har både kjøken og stove - og fleire stover og - et huslyden likevel på kjøkenet til dagleg.

6. Det er slik at det er mest berre høgtidskveldar at dei et i stova, og so når dei har fr^amande. At hushondsfolket et i stova og tenarane på kjøkenet er ikkje vanleg skikk her. Det kan^rvera når det er gjestebod ("selskap") kanskje.

7. Faste plassar ved bordet. Ja, husbonden, kanskje, eller er det ymse.

8. At borna måtte stå ved bordet, når dei åt, har ikkje vore skikk her.

9. At dei kallar husbonden sin plass for høgsetet enno, trur me ikkje. Men talemåten "å sitte i høgsetet", "å bli sett i høgsetet", det er ikkje uvanleg enno.

10. Heidersplassen i ei moderne stova vert vel der som den var i dei gamle stovar - for enden av bordet og lengst ~~frå~~ frå inngangsdøra (kjøkendøra).

11. Ein var ikkje so nøyen med å vaska hendene før ein åt. Det kom an på kva arbeid det var, om ein skulde vaska seg eller ikkje. Å ta av seg hua eller hatten når dei åt, har vore skikk ~~kem~~ lenge, for mannfolka.

Innsendaren si mor (f. 1851) kunde fortelja om ein husmann i bygda, som dei ha i arbeid, han tok av seg lua og heldt ho mellom hendene, med han "las for maten", og so sette han ho på seg att, når han tok til å eta.

12. Før åt alle av same fat t. d. graut og mjølk.

Det vil seia grauten var for seg og mjølka for seg, men det kunde vera fleire - kanskje opp til 4 personar om fatet, 2 på kvar sida til bordet. Kva tid kvar fekk sin mjølkekopp er vel ikkje godt å seia akkurat. Men det ^{er} vel bra rett om ein seier i "det første desennium" av dette hundradår (det tjugande). Mjølkekoppene var dei same som me framleis ~~kakkar~~ kallar for kommar (kummar), av "krus" (fajanse). At dei tok ei tugg(e) graut i skeia og duppa i mjølkekoppen når dei åt, var nok mykje vanleg ei tid, men reknas ikkje for nokon god ~~gordskikk~~ gordskikk no.

No er det mange måtar å gjera det på. Det "finaste" er vel når dei drikk beinveges av koppen; ein annan måte er å ta mjølk på skeia frå koppen, ein tridje er å slå mjølka på grauttallerkenen. Truleg var det først når kaffe-drikkinga vart vanleg, at folk fekk kvar sin ~~kaffekopp~~ ^{drikke-}kaffekopp.

13. Å setja gryta beinveges på bordet var ikkje vanleg, men kunne vel verta gjort, når det ikkje var framande arbeidsfolk tilstades, og det var ein stor ungflokk som skulde ha mat. Dette var no helst når det var graut og "heitgjort" graut. Varme rettar vart vanleg oppaust i fat. ~~Å~~ Å seia om nokon skilnad på serveringa når det

5763

er tilfeldige framande tilstades, er vel vandt å seia.

14. Når det var fisk, sild og kjøt, i det heile med all "suvlvare" brukte dei å laga "bete". d.v.s. dei la sulet mellom flatbrødstykkka når dei åt. Den tid det var 4 arbeidsøker for dagen var det graut to gongar om dagen - middag og kveld - og to gongar kokamat eller saltmat - frukost og non. Ved dei to sistnemnde måltid var det dei laga bete.

15. Å ta sukkerbiten i munnen og drikke kaffe til er vel enno det mest vanlege. Før brukte dei mest å ta sukkerbiten og duppe den i koppen før dei ^{tok} ~~førte~~ den i munnen. Det siste høyrer kanskje ikkje til god bordskikk no.

16. Å drikke kaffe av skålen vert ikkje rekna som god ~~bor~~skikk bordskikk no.

17. Kva tid gaffelen kom i vanleg bruk er ikkje godt å seia. Innsendaren sine besteforeldre (morforeldre) var gift i 1840. Det var då gaflar ~~væ~~ på brudlaupsbordet; men det var vist både eit ukjendt og vanskeleg reidskap å arbeida med; for bror til brudgomen la frå seg gaffelen og sa: "Det tek ingen klem før ein tek nedi med dei fem", og heldt so fram med etinga som han var vandt med, - utan gaffel.

18. At karane brukte tollekniven ved bordet var ikkje vanleg; men kunne vel vera litt brukt når det var speke-mat o. sl.

19. Kvar hadde si skeid, som før var laga av tre eller horn. Kva tid dei tok til å vaska skeiene, kan ein vant seia no. Men det er tradisjon om det at dei berre tørka av skeia på handbaken og sette ho i ei veggesprunge. Då måtte vel helst skeia vera merka med namn eller anna merke.

20. Før dei tok til å bruke steintytallerkener, som ~~min~~ ein ikkje kann seia kva tid, var det brukt tretallerkener.

~~Tilsvarende~~

Til spekesild var det brukt Tretallerkener (sildetallicher) i førstninga av dette hundradår. Når det vart slutt med sams fat til graut gjekke^Iin over til djupe tallerkener.

21. Bordduk til kvardags var ikkje brukt. No er det vanleg med voksduk til kvardags. Når det er voksduk let ein den liggja på bordet mellom måltidene.

22. Ein bruker voksduk.

23. Før var det vanleg å etle ut maten til alle, serleg då når det var kjøtmat (sodd) o. l. Om det var nokon viss rekkefylgje, kan ein ikkje seia no, men det var vel helst husfaren først.

24. Det var vel serleg smør, kjøt og flesk som vart etla. Truleg og omsbrød i den første tid det var brukt.

25. Det var mest vanleg at det var like store porsjonar. Om dei meinte at kvinnene trengte mindre mat enn menn, veit ein ikkje seia no.

26. Kor store borna er når dei får forsyne seg og eta sjølv, er det vel ikkje nokon fast regel med. Til å hjelpe dei små borna ved bordet er det vel foreldra og eldre søsken.

27. Det var vanleg bruk at dei tygde mat til småborn.

28. Bordandakt er vel meir slutt no. Les ein for maten er det helst stille. Vert bordbøna lesa høgt er det ~~meikst~~ helst nokon av borna som les. Å seia når skikken vart lagt bort kan ein ikkje no. Det er vel helst i ein husstand med born at dei no les for maten. Ikkje nokon skilnad i det om det kjem framande, sovidt ein veit.

29. Å snakke ved bordet var vist fritt fore. I gamal tid var ^{det}vslik på sine plassar at husbonden førte ordet og nokon annan "na ikkje noko dei skulle ha sagt".

30. Å le ved bordet ser ein ikkje som noko uhøveleg no, men kanskje før.

31. Å syngja ved bordet kan ein vel seia var forbode.

Eit gamalt ordtak seier: "Mannen visste ikkje at kjerringa var fulla før ho song attmed bordet".

32. Ein snakkar om å "halda bordskikk", då meiner ein at ein skal vente til alle er ferdig med maten, før ein går frå bordet.

33. Ein bruker ikkje og har helder ikkje brukt å seia takk for maten til kvardags. Ein framand arbeidsmann (dagleigar) seier det gjerne til kvardags og, men det er ikkje brukt mellom husets folk.

34. Ein framand som kjem inn under måltidet seier: "Signe spis" eller "Signe maten", sjeldnare "Velbekomme".

35. Om ein skulde be ein framand, som kom inn under måltidet, å eta med, kom no an på kva mat det var på bordet, ~~slik~~ slik at matmora syntes ho kunde be den framande på den, - og kor langt ein var komen uti måltidet.

36. Når ein framand kom til gards mellom måltida, var ~~det~~ absolutt det ikkje ~~slik~~ regel at det vart stilt til mat til han. Kom an på kven det var og korreis det var med mat i huset. Var det ein utanbygds mann, som t.d. hadde reist eit stykke veg, var det helst vanleg at han skulde ha mat.

37. Ein slik tilfeldig gjest skulde då ha noko ekstra traktement - meir som gjestebodskost ("gjestvon").

38. For 50 - 60 år attende, då det var vanleg at granane gjekk saman om søndagskveldane, var det somme husmødre som brukte å gje karane mat og kaffe. "Kjelen var ikkje kald, søndagen", var det ei som sa. Det er no slutt.

39. Er det ein bygdeperson let ein han gjerne ete på kjøkenet ~~saman~~ saman med huslyden. Ein framand (utanbygds) vert vel helst plasert i stova. Før var det vel ofte slik at gjesten sat åleine og åt. No et vel husfaren og/eller husmora saman med han i stova.

40. Skikken å lata seg nø til å forsyne seg er vel borte no.

41. Om gjesten sat åleine og åt var det vel ikkje nokon regel at ein av huslyden skulde vera tilstades for å underhalde gjesten sjølv om han ikkje tek del i måltidet. Men når gjesten sat t.d. i eit anna rom (i stova), so måtte no husmora sjå etter at gjesten ikkje vanta korkje mat eller drykk, og ho måtte då helst halda seg i romet der gjesten var, slik at ho kunne fylgja med når kaffekoppen vart tom - og i det heile sjå til at gjesten forsynte seg av det som var på bordet. Ho stelte seg då gjerne eit stykkje frå bordet ved vinduet eller so, halvt med ryggen til kanskje, slik at ho ha oversyn over "situasjonen" ved bordet.

Heimelsmann: Ingebrigt Dalset, Rødven, f. 1872,

bonde og bygningsman h,v.

5763

Delvis etter eiga røynsle.